



Hafslo, 26.02.20

Generell tilbakemelding på elevkveld frå kull 2006:

På elevkvelden i fjor hadde dei kiosk, musikk sofa og stolar og dans på nedsida av skilleveggen, medan dei hadde gymsal aktivitetar på oppsida av skilleveggen, 8. Klasse hadde sofagruppene i gangen/speglalen.

Tenker elevane må få bestemme korleis dei vil ha det. Virka som dei hadde ein plan.

Tilbakemelding på forrige elevkveld:

Me hadde vår kveld den fredagen det var Black Friday. Dette gjorde me med vilje, då me ville ungane skulle ha eit alternativ. Litt lite folk, men dei som var der hadde det kjekt.

Me laga kafe med heimebakt pizza, brus og litt div snop. Foreldrene bakte og varer tok me ut på Spar (og fekk levere tilbake det me ikkje nytta) Kafeen hadde me i kantina, der me og hadde spel ol.

I gymsalen laga me til ulike ballspel.

Nede under trappa rigga me lys og sette ned nokre sofae. Her hadde nokre elevar tatt med stor høgtalar og hadde musikk.

Me hadde 6 vaksne vakter, dei som laga til var halve kvelden og dei som kom litt utpå kvelden rydda opp att. Klassekontaktene var der heile kvelden. (12 vakter totalt).

Me la lista litt lavt og fekk ein koseleg kveld.

Åpent 19.00 - 23.00. Me møtte kl 17 før å ordna te, men da va altfør tidleg. Gjekk veldig fort, før elevane møtte og før, og va veldig flinke te å hjelpa te.